

VILLREINNEMNDA FOR OTTADALEN

1

Til medlemmar og varamedlemmar
Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saker frå møte i Villreinnemnda for Ottadalen

Møtedato : 18.april. 2009
Møtestad : Stryn hotell, Stryn
Møtetid : 10:00 – 16:00

Innkalling

Du blir med dette innkalla til møte i villreinnemnda. Møtet blir same tid og stad som villreinutvalget har sitt møte.

Sakliste:

08/09 Referatsaker

09/09 NVE - Innspel til melding om oppstart av planlegging for utbygging av Illvatnet pumpekraftverk i Luster kommune

10/09 Ottadalen villreinområde – kvotefastsetting og pålegg om målretta avskoting for jaktseasonen 2009

11/09 Skjåk kommune – stigmerking i Skjåk 2009

12/09 Høyringsuttale til Stryn kommune vedkomande søknad om helikopterlandingsplassar på Tystigen og Tystigbreen

13/09 Orientering om kommuneplanarbeidet i Stryn kommune

Johan Berge
Leiar

Bjørn Dalen
Sekretær

Kopi til: Direktoratet for naturforvaltning, 7074 Trondheim
Fylkesmannen i Oppland, Serviceboks, 2626 Lillehammer
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, 6863 Leikanger

Adresse:
Kommunehuset, 2690 SKJÅK

Telefon:
61217025

Telefaks:
61217000

E-post:
Bjorn.dalen@skjaak.kommune.no

VILLREINNEMNDA FOR OTTADALEN

2

Saksnummer/år: 08/09	
Møtedato: 18.april 2009	
Saksansvarleg: Bjørn Dalen	

Tittel: Referatsaker

1. Ottadalen villreinutvalg – Årsmelding og rekneskap 2008 (til utdeling)
2. Villreinen i Ottadalsområdet (til utdeling)
3. Tamreinkart – Lom tamreinlag - utarbeidt i samband med vern av Breheimen(til utdeling)

Adresse:
Kommunehuset, 2690 SKJÅK

Telefon:
61217025

Telefaks:
61217000

E-post:
Bjorn.dalen@skjaak.kommune.no

VILLREINNEMNDADA FOR OTTADALEN

3

Saksnummer/år: 09/09	
Møtedato: 18.april 2009	
Saksansvarleg: Bjørn Dalen	

Tittel: NVE - Innspel til melding om oppstart av planlegging for utbygging av Illvatnet pumpkraftverk i Luster kommune

Saksdokument: 1. Informasjon om planlegging av Illvatn pumpekraftverk, februar 2009

Saksutgreiing

Vi viser til vedlagde saksdokument om prosjektet.

Dette er Fase 1 – Meldingsfasen, der det kan setjast fram ynskje om konsekvensutgreiingar.

Nøkkeltal for prosjektet:

Nedbørsfelt	129 Km ²
Middeltilløp årleg	260 000 000 m ³
Middel avløp	8,2 m ³ /s
Maksimal ytelse maskininnstallasjon	48 megawatt
Innvunnen kraftmengd	114 GWh
Kostnad	422 000 000 kr
Utbyggingskostnad pr. kilowatt	3,70 kr.
Byggetid	2,5 år

Tiltaket omfattar

1. Bygging av kraftverk i fjellet i Middalsnosi
2. Bygging av steinfyllingsdam i utløpet på Illvatnet for senking av vatnet med 10 meter og heving av vatnet med 15 meter
3. Tunnel for føring av vatnet til kraftstasjonen
4. Forlenging av veg til kraftstasjonen frå dammen på Fivlemyrmagasinet
5. Tilkomst til Illvatnet:
Alt. 1 . Ny veg opp dalen til magasinet
Alt 2. Ruste opp vegen opp Middalen og ny veg opp til tunnel til Illvatnet som må strossast slik at tverrsnittet blir større for tilkomst med maskiner til Illvatnet
6. Steinmasser er planlagt lagt i varig deponi ved kraftstasjonen og delvis brukt til dambygging på Illvatnet

Ivaretaking av villreininteressene i utgreiingsfasen

I samband med det nasjonale prosjektet Villrein og Samfunn vart det stadfesta at villreinen i Ottadalen sør har nasjonal verdi. Dette har sett spesielt fokus på å ivareta villreinen i området.

I Luster kommune er det sterke interesser for å reetablere villrein i området. Mellom utbyggingsområdet og Jostedalen. Spesielt viktige villreintrekk finst fleire stader bl.a. langs austsida av Illvatnet og aust-vest i området sør for Illvatnet. Villreinemnda er oppteken at vilkåra for villreinene ikkje området ikkje blir forverra ved ei utbygging.

Konklusjon

Nemnda sluttar seg til Luster fjellstyre sitt krav om konsekvensutgreiing for å avklare verknadane av ei utbygging på villreinen.

Adresse:
Kommunehuset, 2690 SKJÅK

Telefon:
61217025

Telefaks:
61217000

E-post:
Bjorn.dalen@skjaak.kommune.no

VILLREINNEMNDA FOR OTTADALEN

4

Innstilling:

Ottadalen villreinnemnd set fram krav om at det blir utarbeidt konsekvensutgreiing av verknadane utbygginga vil ha på villreinen i området. Viktige moment å utgreie er:

Ei konsekvensutgreiing for villrein bør mellom anna omfatta:

- Verknaden av auka regulering av Illvatn, senking og oppdemming.
- Verknad av alternativ veg i Middalen med strossing av eksisterande tunnel til Illvatn.
- Verknad av alternativ veg frå Fivlemyr til Illvatn i Nørstedalen.
- Vurdere skilnad på å berre ha anleggsdrift i Nørstedalen og la Middalen vera som no.
- Vurdering av verknaden av at vegen vert sletta etter at damanlegget er fullført, eller om ny veg skal stengast med bom med sterke restriksjonar for bruk.

Vidare er det antyda at det kanskje vert bygd 22 kV kraftlinje inn til Illvatn.

- Dersom denne linja vert ståande permanent må det også vurderast eventuelle skadeverknader både for villrein og for anna vilt.

Villreinnemnd for Ottadalen sitt vedtak:

Ottadalen villreinnemnd set fram krav om at det blir utarbeidt konsekvensutgreiing av verknadane utbygginga vil ha på villreinen i området. Viktige moment å utgreie er:

Ei konsekvensutgreiing for villrein bør mellom anna omfatta:

- Verknaden av auka regulering av Illvatn, senking og oppdemming.
- Verknad av alternativ veg i Middalen med strossing av eksisterande tunnel til Illvatn.
- Verknad av alternativ veg frå Fivlemyr til Illvatn i Nørstedalen.
- Vurdere skilnad på å berre ha anleggsdrift i Nørstedalen og la Middalen vera som no.
- Vurdering av verknaden av at vegen vert sletta etter at damanlegget er fullført, eller om ny veg skal stengast med bom med sterke restriksjonar for bruk.

Vidare er det antyda at det kanskje vert bygd 22 kV kraftlinje inn til Illvatn.

- Dersom denne linja vert ståande permanent må det også vurderast eventuelle skadeverknader både for villrein og for anna vilt.

Samrøystes.

Utskrift sendt: NVE v/ Inger Staubo, Oslo, pr. e-post.

Adresse:
Kommunehuset, 2690 SKJÅK

Telefon:
61217025

Telefaks:
61217000

E-post:
Bjorn.dalen@skjaak.kommune.no

VILLREINNEMNDA FOR OTTADALEN

5

Saksdokument 1:

Utale til planlegging av Illvatn pumpekraftverk.

Viser til:

Informasjon om planlegging av Illvatn pumpekraftverk, og til ope informasjonsmøte på Fjordstova i Skjolden den 2. mars 2009.

På dette møtet vart Villreinnemnda og Villreikutvalet for Ottadalen gitt lenga svarfrist på uttale til 18.april 2009.

Dette er Fase 1 – Meldingsfasen, der det kan setjast fram ynskje om konsekvensutgreiingar.

Fjellstyret for Luster austre statsallmenning ber om at det vert kravd konsekvensutgreiing for å kartlegga kva verknad utbygginga av Illvatn pumpekraftverk har for villreinen i området.

Grunngjeving, og ymse moment, som fjellstyret meiner må/bør vurderast i denne samanheng.

I samband med oppretting av Breheimen verneområde er det sett ned eit utval som skal arbeida med å få auka villreinen sin bruk av områda i sørvestlege del av verneområdet. Dette er områda i Nørstedal, Mørkridsdal og Jostedal. Her var bra med villrein tidlegare, men det her minka sterkt i dei seinare åra.

Ei konsekvensutgreiing for villrein bør mellom anna omfatta:

- Verknaden av auka regulering av Illvatn, senking og oppdemming.
- Verknad av alternativ veg i Middalen med strossing av eksisterande tunnel til Illvatn.
- Verknad av alternativ veg frå Fivlemyr til Illvatn i Nørstedalen.
- Vurdere skilnad på å berre ha anleggsdrift i Nørstedalen og la Middalen vera som no.
- Vurdering av verknaden av at vegen vert sletta etter at damanlegget er fullført, eller om ny veg skal stengast med bom med sterke restriksjonar for bruk.

Vidare er det antyda at det kanskje vert bygd 22 kV kraftlinje inn til Illvatn.

- Dersom denne linja vert ståande permanent må det også vurderast eventuelle skadeverknader både for villrein og for anna vilt.

Vidare vil vi gjere merksam på ein feil i utgreiinga frå Hydro. I kapittel om Fisk, vilt og jakt står det mellom anna fylgjande: ”Det drives ikkje reinsjakt.” Dette er feil, her har vore drive årleg villreinjakt frå 1967, men jaktutbyttet har vore dårleg dei siste åra.

KK

Adresse:
Kommunehuset, 2690 SKJÅK

Telefon:
61217025

Telefaks:
61217000

E-post:
Bjorn.dalen@skjaak.kommune.no

VILLREINNEMNDA FOR OTTADALEN

6

Saksnummer/år: 10/09	
Møtedato: 18.april 2009	
Saksansvarleg: Bjørn Dalen	

Tittel: Ottadalen villreinområde – kvotefastsetting og pålegg om målretta avskoting for jaktseasonen 2009

Saksdokument: 1. Forslag til kvoter for jaktåret 2009.

Saksutgreiing

Villreinutvalget har sendt søknad om fellingsstillatelse på totalt 830 dyr fordelt på 650 fellingsløyver for nordområdet og 180 fellingsløyver for sørområdet. Dei ønskjer følgjande prosentvise fordeling av fellingsløyvene:

Kortfordeling	Nord	Sør
Kalv	40%	40%
Fritt	25%	25%
Bukk U.55 kg	10%	10%
Bukk u/40 / Simle	25%	25%
SUM	100%	100%

Totalkvoteforslaget er ein ytterlegare reduksjon av totalkvoten frå 2008 da den var 886, året før 2007 var det 1080 løyver.

Vurdering:

Bakgrunnen for kvotereduksjonen er mindre rein. Tilveksten har siste åra variert ein god del frå rundt 52% ned til 43%. Kva bakgrunnen for dette er har ein ikkje god forklaring på og det kan vera behov for å trekke inn forskningsmiljø for å sjå på dette. Utvalget overvaker bestanden godt og det skal tungtvegande grunnar til for å endre forslaget det er søkt om.

Når det gjeld bukk under 55 kg skal den i følge forskrifta tildelast som frie dyr. Bukk under 40 kg og simle, blir tildelt som simle 1 ½ år og eldre og bukk 1 ½ år .

Innstilling:

Ottadalen villreinnemnd vedtek villreinutvalget sitt forslag til kvote og avskyttingsplan for 2009.

Nemnda tildeler derfor fellingsløyver på 650 villrein for nordområdet og fellingsløyver for 180 villrein på sørområdet.

Korta fordeler seg på følgjande måte:

<u>Kortfordeling</u>	<u>Nord</u>	<u>Sør</u>
Kalv ½ år	40%	40%
Fritt	35%	35%
Simle/ungdyr	25%	25%
SUM	100%	100%

Fellingsløyva blir gjeve med heimel i § 15 i forskrift om forvaltning av hjortevilt og bever.

Villreinnemnd for Ottadalen sitt vedtak:

Ottadalen villreinnemnd vedtek villreinutvalget sitt forslag til kvote og avskyttingsplan for 2009.

Adresse:
Kommunehuset, 2690 SKJÅK

Telefon:
61217025

Telefaks:
61217000

E-post:
Bjorn.dalen@skjaak.kommune.no

VILLREINNEMNDA FOR OTTADALEN

7

Nemnda tildeler derfor fellingsløyver på 650 villrein for nordområdet og fellingsløyver for 180 villrein på sørområdet.

Korta fordeler seg på følgjande måte:

Kortfordeling	Nord	Sør
Kalv ½ år	40%	40%
Fritt	35%	35%
Simle/ungdyr	25%	25%
SUM	100%	100%

Fellingsløyva blir gjeve med heimel i § 15 i forskrift om forvaltning av hjortevilt og bever.

Samrøystes

Utskrift sendt: Ottadalen villreinutvalg v/sekretær Knut Granumm Skjåk, pr. e-post.

Adresse:
Kommunehuset, 2690 SKJÅK

Telefon:
61217025

Telefaks:
61217000

E-post:
Bjorn.dalen@skjaak.kommune.no

VILLREINNEMNDEN FOR OTTADALEN

8

Saksnummer/år: 11/09	
Møtedato: 19.februar 2009	
Saksansvarleg: Bjørn Dalen	

Tittel: Skjåk kommune – stigmerking i Skjåk 2009

Saksdokument: 1. Kart over skiltmerking i Skjåk (legges fram i møtet.)

Saksutgreiing

Skjåk kommune har sett i gang ein bygdemobiliseringsprosjekt – Skjåkprosjektet. Ei av satsingane i prosjektet er å oppdatere stigmerkinga i kommunen. Dette delprosjektet tek sikte på å sette opp skilt og merke langstraseane etter Nasjonalparkriket sin skiltmal. D.v.s med skilt i endane av ruta og med små raudmåla punkt langs traseen.

Dei fleste rutene startar nede i bygda og går opp til skoggrensa. Enkelte stader er det stigar som går eit stykke inn i fjellet eller langs skoggrensa. Sidan merkinga enkelte stader går inn i snaufjellet og villreinområdet ynskjer kommunen at Villreinnemnda kjem med ei vurdering av tiltaket.

Sidan sekretæren for Ottadalen villreinnemnd er sentral i planlegginga av stigmerkinga i Skjåk, vil han tråd frå møtet som inhabil under avgjerda, men kan elles orientere om prosjektet om ynskjeleg.

Saka blir lagt fram utan innstilling.

Villreinnemnd for Ottadalen sitt vedtak:

Ottadalen villreinnemnd sluttar seg til plan for stigmerking i Skjåk kommune som framlagt. Nemnda har følgjande merknader som det må takast omsyn til:

1. Rundløype ved Grotli sørvest og rundløype nord for Grotli mot Hamsevika. Viktig med informasjon i tilknytning til stig for rundløype samt for DNT ruta.
2. Løyper i Aursjo-området og austover frå Bøjeli mot Lom grense/Finndalen må vurderast opp imot villreintrekka i området.

Samrøystes.

Utskrift sendt: Skjåk kommune v/plan- samfunn- miljø, her

Adresse:
Kommunehuset, 2690 SKJÅK

Telefon:
61217025

Telefaks:
61217000

E-post:
Bjorn.dalen@skjaak.kommune.no

VILLREINNEMNDEN FOR OTTADALEN

9

Saksnummer/år: 12/09	
Møtedato: 19.februar 2009	
Saksansvarleg: Bjørn Dalen	

Tittel: Høyringsuttale til Stryn kommune vedkomande søknad om helikopterlandingsplassar på Tystigen og Tystigbreen

Saksdokument: 1. Brev frå Stryn kommune dagsett 27.03.09, med vedlegg.

Saksutgreiing

Stryn kommune har fått til uttale søknad om konsesjon for to helikopterplassar på Tystigen og Tystigbreen i brev av 23.03.09 frå Luftfartstilsynet. Tystigen helikopterplass ligg ved servicebygget ved foten av anlegget og Tystigbreen helikopterplass ligg ved toppen av bretrekket på skisenteret. Vedlegg til søknaden utdjupar dette og grunngjevinga for at ein søker om konsesjon.

Stryn kommune er formell høyringspart og vi har frist for høyring 25.mai. Dei reknar difor med å måtte starte førebuinga for politisk handsaming her om lag 5.mai. Dei ynskjer å kunne bake inn i sitt sakstilfang eventuelle uttaler frå nemnda og ber difor om å få oversendt vår uttale **innan 1.mai 2009**. Dei vil ellers også legge ut saka for offentleg ettersyn i kommunen i ein måned framover. Vedlagt ligg vedlegg som låg ved **søknaden** og som kommunen finn relevant for oss. Ellers peikar dei på eit par moment i sakstilfanget:

1. Luftfartstilsynet har sendt ut utkast til konsesjonsvilkår berre for helikopterplass for Tystigen. Tilsvarende for Tystigbreen helikopterplass manglar. Utifrå oversendinga frå Luftfartstilsynet oppfattar vi det likevel som om begge dei to utkasta til konsesjonsvilkår skal vera likelydande, og tek dette som utgangspunkt.

2. Normalt inneheld utkast til konsesjonsvilkår avgrensing i bruken på vekebasis og på årsbasis, spesifisert i grensetal for start- og landingar (røysler). Dette er ikkje gjort i konsesjonsvilkåra for desse helikopterplassane, men i søknaden frå Stryn Mountain Glacier som ligg ved, er det sagt noko om dette, som kan vera eit greitt utgangspunkt (50 røysler pr veke).

Vurdering

Ottadalen villreinnemnd er i denne saka bedt om å kome med uttale i saka til Stryn kommune som er formell høyringspart.

Området det her gjeld ligg lengst vest i villreinområdet der stamma i vestområda oppheld seg. Området omfattar Videdalen nedover langs gamle Strynefjellsvegen til Videseter- Rv 258. I tillegg areal innover mot Kvitenova på sørsida av dalen ved Langvatnet(Stryn). Området er fyrst og fremst brukt som sommararbeite og da mest av bukk på sørsida av dalen. På nordsida vandrar forstringsflokkane heilt ned i Videdalen enkelte gonger.

Sjølv om området er lite brukt representerer det ei randzone i villreinområdet som reinen brukar enkelte år. Bukken brukar området kvart år. I SINTEF sin støyrapport går det klart fram at inn – og utflygingssonene vil kunne påverke området innover og forbi Kongsvarden.

Det er ikkje ynskjeleg å ha helikoptertrafikk med landing inne på platået på breen. For uregulerte område (LNF-område) er det sett forbod mot å legge ut landingsplassar for helikopterskiing i ei eiga forskrift til motorferdsellova. Dette bør vera rettningsgjevande også i dette tilfellet(området) sjølv om området spesifikt er å betrakte som innmark etter motorferdselloverket.

Adresse:
Kommunehuset, 2690 SKJÅK

Telefon:
61217025

Telefaks:
61217000

E-post:
Bjorn.dalen@skjaak.kommune.no

VILLREINNMENDA FOR OTTADALEN


10

Når det gjeld flyging opp til bottstasjonen på Tystigen må det ligge til grunn eit klart behov. I samband med høyringsuttale til oppretting av Breheimen nasjonalpark har villreinnemnda sagt at vegen kan opnast tidlegast 10.juni, men snøbrøyting kan starte tidlegar, så vegen kan ligg utan trafikk å turke. Denne regelen vil gjelde frå kommunegrensa på Langvatnet som den blir vedteke. Den vil ikkje gjelde vegen på Strynesida da vernet ikkje går inn i Stryn kommune. Det er derfor ikkje noko i vegen for å brøyte tidlegar opp til Tystigen som eit alternativ. Her er det også asfalt. Det verkar rart at nemnda skal opne for helikoptertrafikk i tida før opning av vegen. Da bevegar ein seg inn i den tida reinen kalvar. "Mengdeflyging" som i dette tilfelle er ikkje ynskjeleg i villreinområdet.

Konklusjon

"Mengdeflyging" som i dette tilfelle er ikkje ynskjeleg i villreinområdet.

Villreinnemnda ser det som viktig at Stryn kommune inntek ei fast haldning i saka og prioriterer villreininteressene i sin uttale.



Flyginga skal skje opp Videdalen til vest for Langvatnet som ligg i botnen av sommarskiseret vest for Langvatnet ved riksveg 258. I tillegg søker dei om å få flyge frå Tystigen og opp på Tystigbreen.

Innstilling: Ottadalen villreinnemnd vedtek:

Nemnda vil tilrå at Stryn kommune i si høyringsuttale rår Luftfartilsynet til å avslå søknad om permanente landingsplassar for helikopter:

1. På Tystigen, ved bottstasjonen
2. Oppe på Tystigbreen.

Grunngjeving for dette er at luftfart av slike dimensjonar i randsonen av villreinområdet kan vera med å innskrenke leveområdet for villreinen over tid.

Villreinnemnda er oppteken av at det blir utarbeidd ein heilheitleg plan for Sommarskiseret i forbindelse med rullering av kommuneplan.

Adresse:
Kommunehuset, 2690 SKJÅK

Telefon:
61217025

Telefaks:
61217000

E-post:
Bjorn.dalen@skjaak.kommune.no

VILLREINNEMNDA FOR OTTADALEN

11

Villreinnemnd for Ottadalen sitt vedtak:

Ottadalen villreinnemnd vedtek:

Nemnda vil tilrå at Stryn kommune i si høyringsuttale rår Luftfartilsynet til å avslå søknad om permanente landingsplassar for helikopter:

1. På Tystigen, ved botnstasjonen
2. Oppe på Tystigbreen.

Grunngjeving for dette er at luftfart av slike dimensjonar i randsonen av villreinområdet kan vera med å innskrenke leveområdet for villreinen over tid.

Samrøystes.

Utskrift sendt: Stryn kommune v/Odd Rønningen, pr.e-post.

Adresse:
Kommunehuset, 2690 SKJÅK

Telefon:
61217025

Telefaks:
61217000

E-post:
Bjorn.dalen@skjaak.kommune.no

VILLREINNEMNDA FOR OTTADALEN

12

Saksnummer/år: 13/09	
Møtedato: 19.februar 2009	
Saksansvarleg: Bjørn Dalen	

Tittel: Orientering om kommuneplanarbeidet i Stryn kommune

Saksdokument: Ingen. Odd Rønningen frå Stryn kommune kom og orienterte nemnda om arbeidet med kommuneplanen.

Saksutgreiing

Orientering:

- Stryn fjellstyre og areal dei forvaltar har vore uklart. Stryn kommune har nå sekretærfunksjonen for fjellstyret og prøver og rydde opp i forvaltaransvaret.
- Området ligg i arealplankategori LNF-1 (bl.a. Skjeringsdalen og Tystigen områda). Kommunen krev no detaljplan for utviklinga til Stryn sommerski på Tystigen. Det same bør villreinnemnda krevje.
- Vegplanar om endring av RV15 over og gjennom fjellet Breiddalen – Skåre pågår.
- Elles er det etablert ny skredstasjon etter at den gamle brann ned. Same verksemda har og etablert ein del målestasjonar i området.

Villreinnemnd for Ottadalen sitt vedtak:

Villreinnemnda tek orienteringa til etterretning, og vil koma tilbake til dei einskilde sakene i samband med utarbeiding og revisjon av planar framover.

Villreinnemnda er oppteken av at det blir utarbeidd ein heilheitleg plan for Sommarskisenteret i forbindelse med rullering av kommuneplan.

Utskrift sendt: Stryn kommune v/Odd Rønningen, pr.e-post.

Adresse:
Kommunehuset, 2690 SKJÅK

Telefon:
61217025

Telefaks:
61217000

E-post:
Bjorn.dalen@skjaak.kommune.no

VILLREINNEMNDA FOR OTTADALEN

13

Adresse:
Kommunehuset, 2690 SKJÅK

Telefon:
61217025

Telefaks:
61217000

E-post:
Bjorn.dalen@skjaak.kommune.no